

Praktisk informasjon og reiseinformasjon

Landsmøtet i 4H Norge 2020

Scandic Oslo Airport Hotel

18. - 20. september

1. Reise og opphald

1.1. Reise til landsmøtet

Den enkelte utsending til landsmøtet kjøper billett sjølv, eller kontaktar fylkeskontoret for hjelp til dette. Hugs å bestille billetter i god tid, då 4H Norge dekkjer reiseutgiftene etter billegaste reisemåte.

Hotellet ligg på Gardermoen, 4,8 km frå Oslo Gardermoen Lufthamn. Adressa er Ravinevegen 15, 2060 Gardermoen. Det går shuttlebuss (**S55**) kvart 20. minutt (00,20,40) frå nedre plan ved terminalen. Kjem du frå Oslo sentrum, kan du ta flytoget eller lokaltog til flyplassen. Turen frå sentrum tek 30-45 minuttar avhengig av kva rute du vel.

Reiseplanleggjar finst hjå EN-tur: <https://en-tur.no/>. Sjå også hotellet si nettside for meir informasjon og eventuell vegforklaring derom du kjem med bil:

<https://www.scandichotels.no/hotell/norge/oslo/scandic-oslo-airport>

1.2. Kostnader ved reise

1.2.1. Representantar for klubbane

Etter 4H Norge sine vedtekter, § 5 pkt. 15, blir reise- og opphaldsutgifter for landsmøtere representantane dekte av den dei representerer. Sentralstyret skal i samsvar med § 6 pkt. 10i, «vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til landsmøtet for 4H Norge.».

Sentralstyret vedtok i sak 12.01 i 2018 ei reiseutjamning på kr 1 500 for kvar av klubbane sine representantar til 4H Norge sitt landsmøte valde av fylkesårsmøtet. Dette vedtaket blir også gjeldane for landsmøtet i år. Klubbane sine representantar sender difor reiserekninga til 4H Norge, som så fakturerer fylket for eigendelen på kr 1 500.

1.2.2. Fylkesstyreleiar

Fylkesstyreleiar si reise og opphald vert dekkja heilt ut av 4H i fylket sitt budsjett, og reiserekninga skal sendast 4H i fylket. Fylket vert fakturert for opphaldet av 4H Norge i etterkant av landsmøtet.

1.2.3. Representantar for 4H-gard Norge, N4HA og tilsette sine representantar

Reise og opphald skal dekkjast av den dei representerer, jf. § 5 pkt. 15. Representantane vert fakturerte for opphaldet av 4H Norge i etterkant av landsmøtet.

1.2.4. Æresmedlemmar, valkomiteen, kandidatar til styreverv og sentralstyret

4H Norge dekkjer kostnadane for opphald og reise. Reiserekning skal sendast til 4H Norge i etterkant.

1.2.5. Gjestar og medlemsorganisasjonar

Desse betaler sjølve for opphald og reise, og gjer opp direkte med hotellet.

Utgifter ut over ordinært opphald vert dekt av den einskilde og vert betalte direkte.

2. Antrekk til landsmøtet

På laurdagen blir landsmøtemiddagen arrangert, der oppmodar vi alle til å kle seg pent.

Utover landsmøtemiddagen er det ingen offisiell kleskode for landsmøtet.

3. Sosiale media

Vi oppmodar delegatane til å bruke sosiale media for å promotere 4H og landsmøtet vårt.

Den offisielle emneknaggen for landsmøtet er #4hlm20 og i tillegg kan du gjerne bruke #vier4h. Hugs å vise omsyn i kva for bilete du legg ut, og spør alltid før du legg ut bilde av andre enn deg sjølv.

4. Førebuaende landsmøtesamling

Laurdag 19. september kl. 09 vert det halde ei førebuaende landsmøtesamling, eller eit mini-landsmøtekurs. Her vil ein gå gjennom kva som skal skje på landsmøtet og korleis. Det vil også verte høve til å teste talarstolen før landsmøtet tek til om du gruar deg litt for det. Den førebuaende landsmøtesamlinga er open for alle, men vi oppmodar spesielt dei som er nye på landsmøtet om å møte opp.

På den førebuaende samlinga vil vi ikkje gå gjennom sakene. Det er difor viktig at fylkesstyret og landsmøtereferentane har eit eige møte i forkant av landsmøtet slik at dei som skal på møtet er godt førebudd på innhaldet i sakene og veit kva som er fylket sitt syn. Programmet på landsmøtet er tett og det er ikkje sett av tid til lesepauser.

5. Korona

Vi skal gjere alt vi kan for at landsmøtet vert gjennomført på ein god og trygg måte.

Landsmøtet vil ha eigen smittevernansvarleg, og vi vil sende ut informasjon om gjeldande retningsliner og landsmøtets smitteverntiltak i god tid før arrangementet.

Har du andre praktiske spørsmål, ta kontakt med administrasjonskonsulent hos 4H Norge Hans Christian Knudsen: hans.christian.knudsen@4h.no eller 959 23 462.